

RAMMEPLAN FOR FORDJUPINGSEINING I UTEFAG I FØRSKOLELÆRARUTDANNINGA (10 VEKTTAL)

Fordjupingseininga i utefag, 10 vekttal, er ei vidareføring av og ei fordjuping i faga naturfag med miljølære og fysisk fostring i førskolelærarutdanninga. Fordjupingseininga er retta mot studentar i 3-årig førskolelærarutdanning, og kvalifiserer for pedagogisk arbeid med barn i dei aldersgruppene som rammeplan for førskolelærarutdanning legg opp til. Eininga kan og nyttast som vidareutdanning.

Rammeplanen er knytt til rammeplan for barnehagen, læreplanverket for grunnskolen og rammeplan for førskolelærarutdanninga. Fordjupingseininga i utefag skal medverke til å sikre allsidig fagleg kompetanse hos personale både i barnehagar, skolefritidsordningar og på småskolesteget.

INNLEIING

Om utefag

I Noreg har naturen vore ein viktig del av vår kultur, der folk har brukt naturen i arbeid, fritid og rekreasjon. Dei fleste barn har hatt naturen som ein del av sitt oppvekstmiljø, ein stad for lek og læring. I dag er det ikkje like sjølvstøtt for alle barn å bruke naturen som leikeplass. Tilgang til naturen er ofte vanskeleg og utrygg. Det er fleire tilbod om fritidssyslar innandørs og barn brukar meir tid på organiserte aktivitetar. Barn brukar mykje av tida si i barnehage, skole og skolefritidsordning.

Denne omdisponeringa av tidsbruk er ei utfordring for barnehage og skole. Tradisjonelt sett har barnehagar og skolar ikkje lagt stor nok vekt på det fysiske oppvekstmiljøet, og det pedagogiske personalet har til dels lita erfaring med å bruke utemiljøet og naturen aktivt. Pedagogar har eit ansvar knytt til den oppveksande slekt og til miljøet. Gjennom arbeid i barnehage og skole kan aktivitetar i natur gi barn rike opplevingar, utvikle haldningane og verdiane deira og vere førebyggjande i høve til miljøvern. Aktivitetar i naturen fremmer også den motoriske utviklinga.

I faget vil utvikling av respekt for liv og for naturen og miljøet bli sett inn i ein heilskapleg samanheng der utviklinga av heile mennesket er eit overordna mål. Dette integrerte perspektivet vert det og lagt vekt på i fysisk fostring/kroppsøving, der prosessen i meistring av rørsler, utfalding og glede står sentralt for mennesket si fysiske, kognitive, emosjonelle, sosiale og kulturelle utvikling. Parallelt fokuserer natur- og miljøfaga på verdien av naturopplevingar og utvikling av fantasi, skaparevne og interesse for å utforske omgivnadene.

Utefag er ei nyskaping, men faget er forankra i naturfag og fysisk fostring/kroppsøving som har lange tradisjonar i grunnskolen. Studiet fokuserer på ei veksling mellom teori og praksis knytt til ulike typar natur. I dette skjeringspunktet kan ein nytte ulike metodar for å vinne ny kunnskap

innan fagområdet. FoU-verksemnd er naudsynt for å vidareutvikle kompetanse i utefag slik at det vert vidareutvikla i samsvar med planar for barnehage og skole, og er i tråd med dei endringar som skjer i samfunnet. Dette kan mellom anna gjerast ved å bruke tradisjonelt friluftsliv til å skape nybrottsarbeid i barnehage og skole.

Utefag i opplæringsystemet

For barnehage, grunnskole og vidaregåande opplæring er det ingen læreplanar eller tilsvarande for utefag, men fleire fag og fagområde forutsett læring i naturen. Mange stader i landet har barnehagar og skolar allsidig erfaring med faste utedagar i naturen gjennom heile året. Her står opplevingar, leik og læring i nærmiljø og natur sentralt, samstundes som ein satser på miljøaspektet. Tryggleiken og gleda i og over naturen vil kunne gi barn og vaksne ei årsak til å ta vare på naturen.

I 1995 fekk barnehagane sin eigen rammeplan. Der vert det slått fast at natur og friluftsliv knytt til uteleiken er ein del av det daglege innhaldet i barnehagen. Natur, miljø og teknikk i tillegg til fysisk aktivitet og helse representerer to av dei fem fagområda som alle barn skal få del i. I læreplanverket for grunnskolen vert det lagt vekt på tverrfagleg temaarbeid der aktivitetar i nærmiljø og natur er vesentleg.

Enkelte skolar som til dømes folkehøgskolar, tilbyr friluftsliv som valfag der element frå utefag inngår. Tilsvarande studium er ved fleire høgskolar, men innhald, organisering og nemning har variert.

Utefag i lærarutdanninga

Utefag er ikkje eit fag eller fagområde i lærarutdanninga, bortsett frå i førskolelærarutdanninga der faget kan bli gitt som eit val tredje studieår. Heller ikkje der er det eit tradisjonelt fag eller fagområde, men eit tverrfagleg studium som på mange måtar bryt med tradisjonelle inndelingar av fag, organisering og arbeidsformer. Fagområdet har samanlikna med andre fag og fagområde ei relativt kort historie.

Det er fleire fag som har mykje til felles med faget utefag som kan inngå i ulik lærarutdanning, til dømes faget friluftsliv.

Sentralt i denne fordjupingseininga i utefag står oppleving, oppdaging, utforsking, meistring og samhandling med naturen. Planen føreset læring i ulike naturmiljø til ulike årstider kombinert med teoretiske faglege studium. Utefag er eit erkjennings-, dannelsings- og dugleiksfag der fysisk fostring og naturfag skal ha om lag lik vektning.

Fordjupingseininga i utefag er bygd opp med følgjande tre målområde:

- *naturen og mennesket*
- *barn-rørsle-natur*
- *barnehagen og skolen sitt uteområde og nærmiljø*

Fagdidaktikk er knytt til alle målområde.

MÅL OG MÅLOMRÅDE

Mål

Studentane skal

- tileigne seg teoretisk kunnskap om og praktiske erfaringar med ulike naturtypar og rørslemiljø, og utvikle kunnskap om og forståing for vekselverknader mellom naturen og mennesket
- tileigne seg teoretisk og praktisk kunnskap for å kunne stimulere barn til leik, undring, glede og meistring i naturen med utgangspunkt i barn sine egne føresetnader
- tileigne seg kunnskap for å kunne skape eit prosessorientert læringsmiljø, og utvikle sjølvstende, ansvar og kreativitet
- vidareutvikle fagdidaktisk kompetanse, kritisk refleksjonsevne og innsikt i pedagogisk utviklingsarbeid relatert til samvær med barn i naturen
- tileigne seg større innsikt i tilhøvet mellom barn og deira naturmiljø, i den motoriske utviklinga hos barn og i samspelet mellom barn si motoriske utvikling og rørsler i naturen til ulike årstider.

Målområde

NATUREN OG MENNESKET

I målområdet naturen og mennesket vert det lagt vekt på ei økologisk forståing for korleis naturen fungerer og ulike former for liv, livsproessar og grunnlaget for livet på jorda. Mennesket er ein del av dei globale økologiske systema, og mennesket sitt forhold til natur er sentralt i dette målområdet. Erfaringar med å ferdast i natur, forståing av økologi og økofilosofi og innsikt i samisk kultur er sentrale element i dette målområdet.

Studentane skal kunne

- gjere greie for mangfald og samanhengar i dei vanlegaste biotopane i Noreg, og samanlikne livsforhold i ulike typar naturmiljø
- gjere greie for korleis grunnleggjande krefter og prosessar i naturen er med på å forme landskap, miljø og føresetnader for liv
- reflektere over mennesket sin plass i naturen, gjere greie for sentrale emne innan økologisk filosofi knytt til samanhengen menneske - kultur - miljø, og vise innsikt i naturbruk og naturforståing i samisk kultur
- vurdere friluftsliv i eit kulturhistorisk perspektiv, og gjere greie for lover og reglar for ferdsel i natur og vurdere korleis dette kan ha innverknad på aktivitetar for barn
- bruke feltmetodikk og vere i stand til å leve eit enkelt liv i naturen der det vert teke omsyn til ver og vind

- utføre enkel fyrstehjelp og kameratredning.

BARN - RØRSLE - NATUR

Naturen representerer eit miljø med mange utfordringar. Barna kan skaffe seg grunnleggjande erfaringar og dugleik ved å leike og lære i og med naturen. Naturen representerer ein leikeplass som kan stimulere deira sansar og motoriske utvikling, skaparevne, undring og utforskartrong. Intuitivt brukar barna landskapet til fysiske utfordringar, leik og utforsking. Aktive, deltakande og verdimedvitne vaksenmodellar er avgjerande for å sikre progresjon og heilskapleg utvikling og læring.

Studentane skal kunne

- stimulere barna til å verte nysgjerrige og oppdagande gjennom oppsøkjande aktivitetar i naturen, og tilretteleggje for naturglede gjennom leik og læring i ulike biotopar til ulike årstider
- planleggje, gjennomføre og vurdere enkelt og sikkert friluftsliv med barn i naturen til ulike årstider
- gjere greie for bruk av naturmateriale
- gjere greie for barnekultur og kjønnsrolleproblematikk i høve til fri og organisert leik i naturen
- gjere greie for kvifor leik og læring i natur er viktig for barn og unge
- gjere greie for aktivitetar som stimulerer den motoriske utviklinga hos barn i høve til den modningsbestemte utviklinga, og tilpasse meistring i natur til evner og dugleiksnivå
- gjere greie for og evaluere pedagogisk utviklingsarbeid relatert til barn, rørsle og natur
- stimulere barn til frie uteaktivitetar, initiere utforskande aktivitetar og reflektere over eigen praksis saman med barn i naturen.

BARNEHAGEN OG SKOLEN SITT UTEOMRÅDE OG NÆRMILJØ

Utforsking og bruk av miljøet gir høve til å søkje utfordringar i ulike element i naturen og høve til å sanse, oppdage, oppleve og meistre. Barn treng allsidig og variert fysisk stimulering for å få ei best mogleg utvikling. Det er derfor viktig å kunne vurdere eit uteområde og ha kunnskapar om korleis det kan brukast.

Studentane skal kunne

- kartleggje og vurdere moglege område i nærmiljøet for varierte former for leik og læring
- tilretteleggje naturleikeplassar og gjere greie for korleis ein kan nytte desse til oppleving og læring i samsvar med rammeplan for barnehagen og læreplanverket for grunnskolen
- gjere greie for og identifisere dei vanlegaste plante- og dyreartane i nærmiljøet
- observere og drøfte naturfenomen og former for liv og prosessar i eit naturområde over tid
- gjere greie for økologisk naturbruk og bruk av dette
- vurdere tryggleik og risikomoment i utandørs leikemiljø og vurdere tiltak for å tryggje miljøet.

ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER

Teori, praktisk arbeid og prosjektarbeid skal saman danne grunnlaget for ei heilskapleg og reflektert forståing av arbeidet med fordjupingseininga i utefag. Det bør leggjast vekt på å integrere undervisninga med tema som inneheld ulike fagområde innan faga naturfag og fysisk fostring. Temabasert problemløysande arbeid bør organiserast på tvers av faga, slik at studentane får erfare ei metodisk organisering som høver for barnehage og småskole. Det er viktig at opplevingsaspektet kjem tydeleg fram når ein arbeider ute.

Det praktiske arbeidet krev ei sansande, opplevande, utforskande og eksperimenterande arbeidsform. Praktisk-pedagogisk arbeid skal i hovudsak gå føre seg ute i naturen, slik at studentane får erfaring med å tilretteleggje aktivitetar for og med barn i naturen. I studiet er ekskursjonar og turar eit hovudelement. Det skal nyttast ulike typar læringsmiljø: ulike biotopar, ulike årstider og element.

I fagpraksisen skal studentane gjennom reflekterte val overføre innhaldet i studiet til samhandling med barn og natur.

Det bør leggjast vekt på at studentane får arbeide med det teoretiske stoffet gjennom rettleiarstyrt gruppearbeid. Også studentstyrte grupper bør nyttast. Det bør vere minst to studentorganiserte turar med overnatting til ulike årstider.

Det skal gjennomførast eit fordjupingsarbeid. Arbeidet kan knytast til praksis og/eller eit prosjektarbeid.

VURDERING

Høgskolen sin fagplan fastset arbeidskrav som skal vere gjennomførte og godkjende før studentane kan framstille seg til eksamen. Fagplanen klargjer om fordjupingsarbeidet skal vere forprøve eller ein del av eksamen og telje med i endeleg karakter. Den fastset også kva vektning dei ulike målområda skal ha.

Høgskolen bestemmer korleis eksamen skal organiserast.

Vurdering skal vere i samsvar med lov om universitet og høgskolar av 12. mai 1995.